



Østfold Mållag

Heimesider

ORD OG UTTRYKK FRÅ RØDENES

Av Elwin Myhrvold og Sjur Wergeland-Krog.

Gitt ut av Hvitveis forlag i 1992.

Forord

Målføra i Østfold er i dag utsette for eit stort press. Moderne kommunikasjonar og massemedia gjer at særprega ved dei einskilde målføra rundt om i fylket står i fare for å bli utviska. Nettopp derfor er det så viktig å få samla og trykt ord og uttrykk frå ulike delar av fylket.

Østfold Mållag ser det som svært gledeleg at denne ordsamlinga frå Rødnes kan komme ut. Samlinga vart påbegynt av Ragnar Elwin Myhrvold, og vart seinare sterkt utvida og slutført av Sjur Wergeland-Krog. Han har og skrive innleiinga.

Ordsamlinga blir trykt slik ho ligg føre frå Ragnar Elwin Myhrvold og Sjur Wergeland-Krog si hand. Ikkje berre folk frå Rødnes vil kjenne att ord her. Mange av orda finn ein og i andre målføre i fylket vårt.

Dette er altså ikkje ei liste med ord som berre har vori brukte i Rødnes. Mange ord hører til ein felles Østfold-arv, og dette gjer heftet interessant å lese over heile fylket.

Vi håper at denne samlinga av ord og uttrykk frå Rødnes kan bli den første av liknande ordsamlingar frå andre delar av Østfold. Kan hende kan dette skriftet gje nokre av lesarane inspirasjon til å setje i gang med å samle ord og uttrykk på heimstaden.

Målføra er ein viktig del av kulturarven i fylket vårt. Berre gjennom kunnskap om målføra kan vi bli stolte av dei slik at dei kan leve vidare i nye generasjonar.

Per Thorvald Larsen
Leiar i Østfold Mållag

Rødnesmålet

For nokre år sidan fekk eg eit hefte av sivilingeniør Gudmund Myhrvold. På den første sida stod det med sirleg handskrift "Rødnesmålet". Eg bladde opp og fann ut at dette var byrjinga på eit av dei mange prosjekta som far hans, Ragnar Elwin Myhrvold, hadde på det lokalhistoriske området.

Kaptein Ragnar Elwin Myhrvold var fødd på bruket Sandbekk lengst nord i Rødnes, som no er ein del av Marker kommune. Eit av prosjekta hans var den store bygdeboka for Rødnes, som kom ut i 1962. Elles hadde han samla ei stor mengd av opplysningar, m.a. for eit bind til av bygdeboka. Dette bindet skulle også handle om målet vårt der inne i skogsbygda. Som dei fleste andre produktive menneske rakk Ragnar Elwin Myhrvold ikkje å bli ferdig med

halvparten av det som han hadde sett seg føre å gjere. Heftet om rødenesmålet vart altså berre byrjinga til ein redningsaksjon for ein av våre hardt utsette østfolddialektar.

Sjølv har eg no og da freista å komplettere ordsamlinga, men eg har enno ikkje kome så langt på veg. Eg har likevel eit aldri så lite håp om å kunne halde fram med arbeidet "når eg får betre tid" som det heiter.

Rødenesmålet er eit indremål som ligg mellom ytremålet i Øymark og romeriksmålet i Rømskog. Rødenesmålet har ei skarp sørgrense mot ytremålet ved den vesle Engerelva nord for Ørje. Bestefar min var fødd i Rødenes, men flytta som ung mann til Øymark. Far min vart derfor fødd i Øymark, men han flytta til Rødenes. Slik gjekk det til at den eldre øymarkingen snakka "rø'nesing", medan far enno som gammal mann i Rødenes snakka "ømærking". Dei aller fleste heldt seg likevel på "rett side av elva", slik at far min og bestefar min berre vart av dei få unnataka som stadfestar regelen.

Mot nord har rødenesmålet eit ganske skarpt skilje mot romeriksmålet i Høland og rømskogmålet som er sterkt influert av romeriksmål. Mindre skarpt, men godt hørbart, er skiljet mot Hærland. Sjølv om svært mange ord vert skrivne likt, er uttalen ofte ulik.

Svenske ord har vi alltid hatt i Rødenes, særskilt i Klund krins, der busetjinga på begge sider av grensa ligg ganske nær kvarandre. Desse gamle svenske orda frå kvardagslivet forsvinn nok litt etter kvart. Men nye svenske ord kjem inn, her som over alt elles i landet, gjennom radio og fjernsyn.

Mange av dei orda som Ragnar Elwin Myhrvold og eg har samla nge av dei orda som Ragnar Elwin Myhrvold og eg har samla inn, er snart framandord - også for rødenesingar. Men kanskje vil ein og annan "førkrigsrødenesing" nikke og kjenne att dei orda som han finn i denne ordsamlinga. Og kanskje kan dette heftet vere med på å hindre at nokre av desse orda blir gløymde.

Askim, desember 1991

Sjur Wergeland-Krog

Ordliste

aksel, ei = skulder

andre, ei = jernskoning under meier

are = andre (pron.)

ask, en = eske, ask

attom = bakom (adv.)

atæl = lei, "Han er atæl"

beileilig = høvisk (adj.)

bes'mær, en = augestikkar, også bismervekt

binde = strikke, binde hoser; binder - batt - bønne

bite = bite (v.) biter - beit - biti

blere, ei = blære; "Ho er ei rutti blere." (stormannsgal)

blæi, en = kile - også ein uresonleg fyr
bomsete = dårleg forma; "Ho er tjukk og bomsete."
breske = briske; bresker - breskæ - breskæ
brur, ei = brud
brurenugg (= sv. brudnåbb) Iflg. folkesnakket ein fyr som skulle gå til sengs med brura før
brudgommen!
brøten = "Hesten er brøten" - har sår etter selen
buse = grovt uhøfleg fyr, slusk; også "nasebuse"
bæl = forsterkande: bælpn, bælstor, bælstygg etc.
bælje = gråte (v.) bæljer - bæljæ - bæljæ
bælje = også: rope, skrike, Bæljæråsen i Trøgstad ?
bælænne = forsterkande: bælænne pen etc.
bærj, et = berg, fjell
bæus = stor og stateleg
bølle, en = bolle
bønningæ = strikkesøyet
børse, ei = alle slag gevær
bøs = morsk
bøste, en = børste - også "en bøste te kær" = ein god kar
bøte = stoppe, bøte hoser = stoppe strømpar

dask = lett slag
detta = falle (v.) dette - datt - døtti
doppe = fenghette til munnladningsgevær
dott = tøffelheit; "Han er en dott."
drive = drive (v.) driver - dreiv - drivi
dråg = liten dal; "Plankedråga" etter svensk trelasttrafikk
dulk = dymling; jerndulk, tredulk
duppe, ei = saus
duste = duge; duster - dustæ - dustæ
dælje = slå hardt; dæljer - dæljæ - dæljæ
døtte = dytte; døtter - døttæ - døttæ
dår = dere, deres

ere, ei = ære
ette = ikkje
ettno = ikkje noe
ettærmæuer, en = eitermaur

figen, en = fiken
flore = skantile (gjødselrenne)
flyefille, ei = jente som det er vanskeleg å halde heime
flytebrygger = store støvlar
flåkjeft, en = ein som er uforsiktig i snakk
fotebla, et = fot
ful = lur
fæiær = feiar; "en fin fæiær" = en luring
fæla = reparere; fælær - fælæ - fælæ
færdæs = ferdast (v.) færdæs - fôr - fôri
færje = farge (v.) færjer - færjæ - færjæ

færje = farge (s.)
før, ei = fure

gang, en = gjær
gasse sæj = kose seg el. fråtse; gassær - gassæ - gassæ
glise = le (v.) gliser - gliste - glist
gnu = arbeide trutt; gnur - gnudd - gnudd
grepæ = bra; "en grepæ kær"
grine = gråte; griner - grein - grini
guttepåsæ, en = liten gutt
gutu, ei = veg el. inngjerda fegate; gutua - gutur- gutune
gæule = skrike; gæulær - gæulæ - gæulæ
gøre = klinete jord, myrjord; Gørtjenn -Gørrotjenn finst også, truleg den eldste forma
gørgott = veldig godt; gørpen, gørstygge etc.□
gørigle, en = blodigle
gån, et = garn

heit = bråsinna, også varm
heite'beke, et = helvete; "Dra langt inn i heite'beke!"
hellesen = elles; "Åssen går'e hellesen?"
hennæu = hendig, flink
hikken, ikken = kva for ein, kven
hose, ei = strømpe; hosebann
hurpe, ei = ulikeleg kvinnfolk
huske = gyngje (s. og v.) husker - huska - huska
huskestue, ei = bråk
húskællt = surt; "Húskællt er'e i dag." (Surt vêr i dag.)
hutre = småfryse; hutrer - hutræ - hutræ
hynne = hjørne
hælle sæj = sove middag
hærk = dårlege greier
hærke ihop = gjøre ein dårleg reparasjon
hærke = vidje som brukast til å binde saman "staurbolet" og samtidig halde raien på plass på skigarden
hørsje med = bruke kjeft på eller drive folk hardt
hærsk = harsk
hærskén = sur (om menneske) hæue = hugse, minnst (v.) hæuer - hæuæ - hæuæ
høgge = hogge; høgger - høgge - høggi
høggjern = stemjern
høle, ei = hòle□
hønn, et = horn
høtt = korleis, åssen, kva; "Høtt er de' me' dæj?"
høvre = bereelement på hesteselen; høvreballe

ikkønn, en = ekorn
ita = ete (v.) iter - åt - iti

ja, en = ljå
jatte med = snakke etter munnen; jatter - jattæ - jattæ
jekt, ei = gikt

jule = gi pryl; juler - julæ - julæ
jælke = kastrere
jønn, et = jern; jønn og jærn brukt alternativt
jåt = stygg (om utsjånad)

kallvøli = kaldt
katt, en = katt; kattær - kattæne
katte, ei = katte; katter, kattene
kjetall = kilen
kjippædrag = lunnedrag for tømmer
kjippækjælke = lunnekjelke for tømmer
kjiru, ei = tjære
kjte = rose; kjyter - kjyter - kjytt
kjærν = ein bunt lauvkvister
kjærve = linde tøy på spedbarn; kjærver - kjærνæ - kjærνæ
kjærνunge, kjærνærνunge = lindebarn
kjøl, en = kulde
kjørke, ei = kyrkje
kjørregål = kyrkjegard
kjår = okse (tjor); kjårekælv (oksekalv)
kleiv = kleiv ; Geitekleiva, Elgekleiva osv.
klomsete = motsett av grasiøs rørsle
klot, ei = deigbollar i kjøttssuppe; fl. kløtter
klæddekatte, ei = tjukkfallen ungjente
klønete = motsett av flink med hendene
kløppær, en = flink fyr
kløse, en = usympatisk fyr
knærke = knirke; knærker - knærka - knærka
kvenn, ei = mølle; kvennestein
kvisam = som skapar uhug, motløyse
kørj, ei = korg
kørjesla'a, en = korgslede
kørp, en = korp, ravn
køtt, et = kott

laggål = låvebygning
lappe på = reparere
lappeskomaker, en = reparasjonsskomakar
lappæne = samane
leirstokk, en = gråaktig meitemark
leksen = om ei høne som vil ligge på egg, rugehøne
lentæu = mjuk, spenstig, flink til å danse
lesær, en = pietistisk kristen
lesærνunge, en = barn under konfirmasjonsførebuing
loke, ei = tverrbjelke på "bukken" i geitedoning og på "kjippækjælken"
lopp, en = frosk
lureνdreiar, en = svindlar
lusefrans, en = ureinsleg fyr
lusen = gjerrig
læu = lauv

læue, ei = løe, låve
læue = bade; læuer - læuæ - læuæ
læuk = lauk

maroder = sjuk, giktbroten
mehank, en = mygg
murn = den åpne eldstaden, peisen; "Han sitter i murn."
mæle = teine; sv. mjärde
mær = merr
mærk = mark
mærketen = marketen, marksmogen
mæræflåær = likeglad, vørdlaus fyr
møk = møkk
måle = måle; måler - målte - målt
måle = måle; målær - målæ - målæ
måså = mose el. myr; Kislebergmåså, Finnemåså
måsågrodd = tilgrodd med mose
måtæ på = grenser for; "Det må væræ måtæ på."
måtæ te = måle til

okle, et = okle
oler, ei = or, older

pek, et = dårleg gjerning; "Han gjorde meg et pek."
pengegæue, en = riking, krøsus
plar = plar, har for vane
plate, ei = jug; "Han slo ei plate."
plæu, en = plog
plæuen = våronna; også plog i best. form
prestesekk, en = "Bånnlaus som en prestesekk." Truleg uttrykk frå tiende-tida da folk tykte det gjekk for mykje i tiende.
pærse = presse (v.) pærser - pærse - pærse

raus = gjev mild, raus
refle, ei = rifle
renne = renne (v.) renner - rann - rønne
rive = rive (v.) river - reiv - rivi
rivjern = flink kjerring
ruske = rusle i samband ned veg; rusker - ruskæ - ruskæ "Han ruskæ i vei."
rusle = gå sakte; rusler - rusla - rusla
ræggetuss = mager katt
ræuk = kornband som blir sette fire og fire på bakken med toppen opp til tork
røsk, ei = rysj
røsskatt = røyskatt
røtne = rotne (v.) røtner - røtna - røtna
råkå = overmål
rånå, en = râne

skjiku = eit lite tilbygg til låven
sjølvænne = husbondsfolka

skamte = krok
skinnfællsskræddær = buntmakar; "Kvinnfölk-gæln som en s."
skinnærægg = egg utan skal
skjera = skjere; skjerer - skar - skøri
skjiru, ei = sigd
skjømming = skumring
skomt = dunkelt, halvmørkt
skryne = ei stor korg med hank; så den berast på ryggen
skjyte = skyte; skjyter - skaut - skøte
skøttgammæl = for gamal; mest om hestar, også om folk: "Han er skøttgammæl."
skåklefællsda'n, en = den dagen da våronna skulle vere ferdig; trur det var 1. juni.
skåle = inngang til fjøs og stall
skår'n = skurden
sleik, en = smiskete fyr
slø = slå gras; slår - slo, ev. slog - sløtt, ev. slii
slåtrefölk = slåttonnarbeidarar
slåtten = slåttonna
smæle = larme (v.) smæler - smæla - smæla
snærk = "Snærk i vellingæ": vellinga har delvis gått ihop til limaktige lange trevler.
spane = speide (v.) spaner - spanæ - spanæ
spøkeri = skrømt; "Det er spøkeri der."
stae, en = oppladde kornband i løa
stakæ, en = stake; "Han er en fæl stakæ" - eigenrådig person
steinulv, en = hubro
stelle, et = stad
strepp, en = elvesnelle; røyraaktig vokster i grunne sjøar, blei hausta fram til siste krig, m. a. i Gjølsjøen i Øymark
stussli = einsamt, trist
stygg = stygg, el. forstaving, forsterkande: styggstor, styggpen etc.
stølle, en = tosk
stømper, en = stakkar
stømpers = stakkars; "En stømpers kæll."
støvær, en = flink el. rask kar; "En støvær te kær."
suggel = kjøttsuppe med kjøttet i
sugærunge, en = brystbarn
sulu, ei = svale
sutrehøne, ei = gråtande jentunge
sval = inngang til fjøs, stall og kjøken
svelte = svelte; svelter - sveltæ - svølti
sværve = dreie; sværvær - sværvæ - sværvæ
søkke = søkke (v.) synker - sakk - søkki
sørj, ei = sorg
sørje = sørgje; sørjer - sørjæ - sørjæ
sørpe, ei = dyrefôr; hakkelse blanda med mjøl

tafatt = energilaus, tiltakslaus
talætrengt = snakkesalig
tass = ulv; brukt berre av dei aller eldste
tene = tene (v.); tener - tente - tent
tering, ei = tuberkulose

tess = verd; "Ettno tess"
tilvint = tidleg; "Tilvinte poteter"
tiæut = telen har gått ut av marka
tjenn = tjern
tossete = tullet; truleg av sv. "tosse" - padde
trau, et = traug
trev = loft; fjøstrevet, stælltrevet
treve = viss mengd; Gåte frå Øymark: "Tre trevæer revæer åtre - å mange romper å klør har de?"
tro, ei = kar til mat og drikke til husdyr
tromp = trumf
trompe = trumfe; tromper - trompa - trompa
trompete = motsett av snakkesalig - noko nedsetjande
trossement = retranchement, festningsverk; Trossementbekken ved Basmo skanse
trynetørk, en = "trynetyrker"
tryte = mangle; tryter - traute - trøte
træle = arbeide hardt; trælær - trælæ - trælæ
trøke = uthalde; uttrykket er svensk og brukast berre i infinitiv og presens
trøll, et = troll
trøll = slem; trøllsli'
trølle = trolle; trøllær - trøllæ - trøllæ
trøtne = hovne (v.); trøtner - trøtne - trøtne
trøye, ei = jakke
trå = usmak på fleisk eller smør
trå'talænes = seier same sak mange gonger etter kvarandre
tråtte = tole
tråve = trave; tråvæer - tråvæ - tråvæ, en tråvæerhest
turu, ei = tvare
tusle = gå sakte og forsiktig; tuslær - tuslæ - tuslæ
tuslete = svakeleg, sjukeleg
tusling, en = pusling
ty = vere tilstrekkeleg; tyr - tydde - tydd
tælle, ei = hardtrampa møkk
tællefuru, ei = laust vaksen furu, hagafuru; motsetnad til fjellfuru
tællik, en = tallerken
tøkkæs = synast; tøkkes - tåtte - tått
tørke te' = dra til, slå
tøs = jente - ikkje nedsetjande
tøsefille, ei = lita jente
tøsunge = lita jente

ugrei = i dårleg humør
ule = hyle

vekse = vekse; vekser - voks - vøkse
vasspipen = gjertrudskråka
veng, en = veng
viku, ei = veke
vinglepave, en = ein som ofte skifter meining eller arbeid
vriompeis, en = ein vanskeleg person
væle, ei = bål (opphavet er vel varde)

vø'øln, litævø'øln = voren
vøle = vøre, verdsetje; vøler - vølte -vølt
vørte, ei = vorte; også eit slag brød til jul "vørtekake"
vål, et = skogsavfall; "kvist og vål"

ægg, et = egg
ærm, en = arm
ærmo, ei = armod

ømli = særst lite
ørv, et = orv, ljåskaft